

Johann Roppen

Til: Johann Roppen
Emne: VS: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 11/2020, 13. MARS
Vedlegg: 2020-Nyhendebrev-11.pdf

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 11/2020, 13. MARS

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

HØGSKULEN ER STENGT FOR STUDENTAR - UNDERVISNINGA HELD FRAM PÅ NETT

Etter kl 16.00 i dag 13. mars vil studentkorta ikkje lenger virke på inngangsdører så studentar har ikkje lenger tilgang til høgskulen. Studentane har fått melding om dette i Canvas i dag. Det er regjeringa som har bestemt at alle universitet og høgskular i heile landet skal stengast for å motverke smitte. [Høgskulen avlyst all undervisning i lokale på høgskulen frå 12.mars, men alle studentar skal få tilbod om undervisning på nett.](#) Undervisningstilbod som ikkje alt er på nett har frist fram til 23. mars med å få det til.

HØGSKULEN HAR SETT KRISESTAB: DAGLEGE MØTE OM KORONA

Torsdag 12. mars hadde krisestaben sitt første møte for å handtere den alvorlege situasjonen som koronaviruset har ført til. Krisestaben er leia av høgskuledirektøren og vil i tida framover ha møte kvar dag for å vurdere situasjonen og aktuelle tiltak.

INFORMASJON OM KORONA: FØLG MED PÅ NETTSIDA VÅR

Høgskulens viktigaste informasjonskanal når det gjeld informasjon om korona-viruset er nettsidene våre. [På denne sida finn du oppdatert praktisk informasjon - sida vil bli oppdatert ofte - husk å klikke på "oppdater" for å få siste versjon av sida.](#) I tillegg vil tilsette få informasjon via e-post og studentar gjennom Canvas.

AVSLUTTANDE EKSAMEN ER HØGAST PRIORITERT

I tråd med sin pandemiplan vil høgskulen prioritere avsluttande eksamenar for studentar høgst, om det blir slik at mange tilsette er sjuke og det må prioriterast mellom kritiske oppgåver. Dette har også kunnskapsministeren understreka, og går også fram av [høgskulens pandemi-plan](#). Høgskulen arbeider no med tiltak for å kunne avvikle eksamenar på nett.

UAVKLARA OM PRAKSIS: ALTERNATIV UNDERVISNING KAN KOME

Mange studentar er i praksis eller skulle ut i praksis om kort tid. Sidan svært mange praksisstader er stengde vil det for dei fleste vere uråd å gjennomføre praksis på vanleg måte. Kunnskapsdepartementet vil om kort tid kome tilbake til korleis praksis skal handterast av høgskular og universitet når praksistadene anten stenger eller ikkje kan ta seg av studentar som er ute i praksis. Fagmiljøa blir oppmoda til å vurdere alternative undervisningsaktivitetar i praksisperiodane, men det vil variere i kva grad det er muleg og korleis det kan gjerast.

BIBLIOTEK, KANTINE OG IDRETTSBYGGET HELD OGSÅ STENGT

Høgskulen håpa på å kunne halde ope sentrale delar av høgskuleområdet, men med regjeringa si avgjerd om å stenge alle høgskular og universitet må vi også stenge bibliotek, kantine og idrettsbygget i tillegg til alle undervisningsrom.

BIBLIOTEKET FORLENGAR LÅNETID - MEN DET ER SLUTT PÅ FJERNLÅN

Biblioteket forlenger no lånetida til alle som har lånt bøker. Samtidig blir det slutt på fjernlån av bøker inntil vidare.

ALLE HVO-ARRANGEMENT FØR PÅSKE ER AVLYST

Høgskulen har avlyst alle arrangement på og i regi av høgskulen i første omgang fram til påske. Det gjeld både interne seminar, men også fleire kurs, seminar og konferansar for regionale og nasjonale aktørar.

NOKUT-TILSYNET ER UTSETT

Høgskulen er midt inne i eit tilsyn med kvalitetssystemet i regi av NOKUT. Det kom fredag 13. mars melding frå NOKUT om at tilsynet er utsett fordi det ikkje er råd å gjennomføre besøk på HVO som planlagt i vår.

VOLDA KOMMUNE INNFØRER NYE SMITTEVERNTILTAK: ROKKEN HELD STENGT PÅ KVELDSTID

Volda kommune har eit overordna ansvar for tiltak i Volda kommune. Alle tilsette og studentar vert difor oppmoda til å følgje med på informasjon om smitteverntiltak på [Volda kommunes nettsider](#). Blant anna skal arrangement med fleire enn 100 gjestar godkjennast særskilt av kommunelegen. [Rokken vert difor inntil vidare stengt på kveldstid](#). Kinoen er også stengt.

[Her er tiltaka frå Volda kommune som vart lagt fram 12. mars 2020](#).

HEIMEKONTOR ETTER AVTALE - UTVIDA EIGENMELDING

Tilsette som ønskjer å jobbe heimanfrå må avtale det med sin næraste leiar. Smitterisikoen på jobb reknar vi som liten sidan skulen er stengt for undervisning, få tilsette ved Høgskulen i Volda brukar kollektivtrafikk til og frå jobb og dei aller fleste har einekontor. Høgskulen ønsker at tilsette følgjer eit føre-var-prinsipp og blir heime om ein er i dårleg form. Rett til å bruke eigenmelding ved sjukdom er difor utvida til 16 dagar.

FÅ BERBARE PC-AR TILGJENGELEG, MEN PRIVATE PC-AR KAN OGSÅ BRUKAST

Rundt halvparten av alle tilsette på HVO er i dag utstyrt med berbar jobb-PC og kan dermed jobbe heimanfrå. IT-kontoret har nokre få berbare PC-ar på lager, men vil også prøve å skaffe fleire slik at flest muleg kan bli hjelpete. Tilsette som har private berbare PC-ar kan få hjelp frå IT til å installere nødvendig programvare for å kunne bruke den som jobb-PC.

REISER (1): BERRE SVÆRT VIKTIGE REISER SKAL GJENNOMFØRST

Dei fleste reiser blir avlyst, både innanlands og utanlands. Berre svært viktige reiser ("virksomhetskritiske") kan gjennomførast, og eventuelle reiser skal godkjennast av dekan eller næraste leiar i fellesadministrasjonen.

REISER (2): HVO OPPMODAR STUDENTAR OG TILSETTE PÅ STUDIETURAR I UTLANDET OM Å KOMME HEIM

Høgskuledirektøren sende 12. mars oppmoding til tilsette og studentar på kortvarige studieturar i utlandet om å kome heim snarast råd, fordi det er fare for at flytrafikken i Europa vert redusert eller stengt ned. Dei som har vore på reise må følgje pålegg om smittevern når dei kjem heim.

REISER (3) KARANTENE I 14 DAGAR FOR UTANLANDSREISANDE

Frå 12. mars vart det innført pålegg om at alle som har vore i utlandet (utanom Norden) etter 27. februar skal ha 14 dagars heimekarantene når dei kjem heim. Og det er uavhengig av om dei har symptom eller ikkje. [Les meir på nettsidene til helsedirektoratet](#).

REISER (4): INTERNASJONALE STUDENTAR MÅ SJØLVE VURDERE HEIMREISE

Høgskulen har ikkje gått ut med eit generelt råd til studentar på utveksling om kva dei bør gjere, korkje når det gjeld voldastudentar i utlandet eller internasjonale studentar som er i Volda. Dette er vurderingar som kvar einskild student må gjere ut frå sin individuelle situasjon, kva reisealternativ som finst og korleis situasjonen er både på studiestaden, i heimlandet eller på heimstaden.

REKORDMANGE STUDENTAR OGSÅ I VÅRSEMESTERET

Høgskulen i Volda registrerte hausten 2020 heile 4.500 studentar, og det er fleire enn nokon gong tidlegare. I vårsemesteret brukar det å vere færre studentar enn på hausten, men også no i vårsemesteret har høgskulen fleire studentar enn nokon gong. Vi har registrert 4.135 studentar. Det er ca 11 prosent fleire studentar enn våren 2019. I tabellen nedanfor står tal for studentar på alle avdelingane.

Avdeling	2019	2020	Endring
AHL	1 620	1 900	17 %
AKF	335	420	25 %
AMF	575	720	25 %
ASH	1 100	1 010	-8 %

Erasmus+ m.v.	80	85	6 %
Sum	3 710	4 135	11 %

NASJONAL PPU-KONFERANSE I VOLDA: - PPU GIR GODE LÆRARAR

Høgskulen i Volda arrangerte nasjonal PPU-konferanse 9.-10. mars, og ein av bodskapane på konferansen var at PPU-utdanning gir gode lærarar, og bør få gjere det også i framtida. [Les meir om konferansen på våre nettsider.](#)

STUDENTREKRUTTERING: SIKRA JOBB ETTER UTDANNING

Lærarstudentar er blant dei som kan vere sikrast på at dei får jobb etter endt utdanning. [Les intervju med studentambassadørane Iselin og Synnøve.](#)

8. MARS: KVINNELEGE LÆRARAR OG FREDSTANKEN I MELLOMKRIGSTIDA

Førstelektor [Elisabeth Teige](#) har i høve 8.mars formidla korleis søstrene Helga og Aasta Stene arbeidde for fredstanken blant kvinnelege lærarar. [Les meir på våre nettsider.](#)

FAGSEMINAR OM KLIMA- OG MILJØ I MEDIA

Professor [Henrik G. Bastiansen](#), AMF, har teke initiativ til eit [seminar om klima- og miljødekning i media](#), og det vart arrangert på Litteraturhuset i Oslo 10. mars. Opptak frå seminaret er tilgjengeleg på nettsidene til [Norsk mediehistorisk forening](#).

PUBLISERING (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når ei bok har kome ut eller lenke til ein artikkel som har vorte publisert og gjort tilgjengeleg i eit tidsskrift.

PUBLISERING (2): FLEIRE PUBLISERINGAR AV ERIK FOOLADI

Fooladi, Erik. 2020. Taste as Science, Aesthetic Experience and Inquiry. I: Colucci-Gray, Laura & Burnard, Pam (Red.). [Why Science and Art Creativities Matter: STEAM \(re-\)Configurings for Future-making Education](#). Leiden: Brill | Sense.

Herranen, Jaana, Kousa, Päivi, Fooladi, Erik & Aksela, Maija. 2019. [Inquiry as a context-based practice – A case study of pre-service teachers' beliefs and implementation of inquiry in context-based science teaching](#). International Journal of Science Education 41: 1977-1998.

Fooladi, Erik, Hopia, Anu, Lasa, Daniel & Arboleya, Juan-Carlos. 2019. [Chefs and researchers: Culinary practitioners' views on interaction between gastronomy and sciences](#). International Journal of Gastronomy and Food Science 15: 6-14.

NYTT OM TILSETTE PÅ HØGSKULEN I VOLDA

- [Joakim Yksnøy Rødven](#) har teke til i fast stilling som rådgjevar på internasjonalt kontor.
- [Gunhild Verås Grimstad](#) har teke til i årsengasjement som rådgjevar på grunnskulelærerutdanninga.
- [Anemari Neple](#) har teke til i fast stilling som førsteamanuensis på Institutt for språk og litteratur, AHL.
- [Gloria Otchere](#), Institutt for språk og litteratur, AHL, har fått fagleg opprykk til førsteamanuensis.
- [Mari Kristine Sæther](#) har teke til i fast stilling som rådgjevar på Avdeling for kulturfag.
- [Andre Folkestad](#), AMF, har fått opprykk til høgskulelektor.
- [Kjartan Leer-Salvesen](#), Institutt for sosialfag, ASH, har fått opprykk til professor.
- [Marianne Rugkåsa](#), Oslomet, har vorte kalla til 20 prosent stilling som professor II ved institutt for sosialfag, ASH.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020 - ALLE ARRANGEMENT FØR PÅSKE ER AVLYST

[Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO.](#)

[Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre](#)

Alle planlagde fellesaktivitetar før påske er i utgangspunktet avlyst. Det er også i tråd med pålegg frå kommunelegen i Volda. Somme av arrangementa kan bli gjennomført på nett eller eventuelt bli gjennomført seinare. Arrangørar må oppdatere nettsidene sine så snart dei kan med informasjon om dette.

11.-12.3.2020: [Nasjonal erfaringskonferanse for matematikk](#), Ålesund (GJENNOMFØRT)

18.-19.3.2020: Seminar for alle administrativt tilsette, Loen (AVLYST)

19.-20.3.2020: [Nasjonalt nettverk for rettleiing av nyutdanna lærarar](#), HVO (AVLYST)
22.3.2020: [Vårkonsert med symfoniorkesteret: Ein hyllest til Beethoven](#) (AVLYST)
24.-25.3.2020: Avdelingsseminar AMF (AVLYST)
25.3.2020: [Seminar om nynorskkorpuset](#), HVO (AVLYST)
25.-26.3.2020: [Solstrand-seminaret](#), UH Nett Vest, Solstrand - Os (AVLYST)
26.-27.3.2020: [Studieprogramledelse for kvalitet i lærerutdanningene](#) (AVLYST)
26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH (AVLYST)
30.-31.3.2020: [Seminar: "Digital skaparkraft og dømmekraft"](#), HVO (AVLYST)

Påskeferie 9.-13. april.

14.-15.4.2020: Avdelingsseminar AKF (AVLYST)
16.-19.4.2020 [X2-festivalen](#) (AVLYST)
22.-24.4.2020: [SEANSE: Tverrfagleg kunstverkstad](#), Bergen (AVLYST)
20.-22.4.2020: [It's Volda](#), internasjonal studentkonferanse, HVO (AVLYST)
22.-26.4.2020: [Dokumentarfilmfestivalen](#), Volda (AVLYST)
23.-24.4.2020: [Skuleleiarkonferansen - tema: Meistring](#), Molde (AVLYST)
23.4.2020: [Styremøte 2/2020](#) + 24.4.2020: Styreseminar - strategi, Union Øye
24.4.2020: [Fagdag: "Konsekvensar av traume og stressrelaterte lidingar hos barn og unge"](#), HVO
28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk, HVO (AVLYST/UTSETT)
17.5.2020: [Nasjonal festkonsert med Symfoniorkesteret](#), Volda
4.6.2020: Etatstyringsmøte 2020, KD, på HVO
11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#), HVO
18.-19.6.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen
8.-19.6.2020: [SEANSE: Kunstnaropphald](#), HVO

Studieåret 2020-2021

18.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO
1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda
29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

